

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
81/25	Formannskapet	17.09.2025

Reservasjon av næringsareal - Dragsund 45/126

Samandrag:

Bauta Group AS har teke kontakt med Herøy kommune for å forhøyre seg om moglegheiter for å etablere bustadrigg for busetting av innleigd arbeidskraft.

Formannskapet 17.09.2025

Behandling:

Kommunedirektør Trond Arne Rossi Aglen orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Røysting (9 røysteføre):

Kommunedirektøren si tilråding vart vedteken mot 3 røystar. Per Kristian Furø (Frp), Camilla Kvalsvik Aksnes (Ap) og Frank Roy Moltu (Folkelista).

F - 81/25 Vedtak

Bauta Group AS får reservere del av gnr. 45 bnr. 126 i samsvar med skisse som ligg ved saka. Reservasjonen vert gitt for eitt år frå vedtaksdato og salet skal skje til takst. Formannskapet gjev Bauta Group AS fullmakt til å søkje om dispensasjon etter plan- og bygningslova §19 med sikte på oppføring av bustadrigg.

Kommunedirektøren si tilråding:

Bauta Group AS får reservere del av gnr. 45 bnr. 126 i samsvar med skisse som ligg ved saka. Reservasjonen vert gitt for eitt år frå vedtaksdato og salet skal skje til takst. Formannskapet gjev Bauta Group AS fullmakt til å søkje om dispensasjon etter plan- og bygningslova §19 med sikte på oppføring av bustadrigg.

Saksopplysningar:

Bauta Group AS har teke kontakt med Herøy kommune for å forhøyre seg om moglegheiter for å etablere bustadrigg for busetting av innleigd arbeidskraft.

Det er auka ordremengde i regionen og dei ser no etter mgolegheiter for å setje opp bustadrigg. Dei har sett ut eit område på gnr. 45 bnr 126 i Myrvåg.

Det er skildra i søknaden eit behov for 4000m², men i illustrasjonen er det avmerka eit areal på kring 2000m². Vi tek utgangspunkt i illustrasjonen.



Det gule området viser arealet som dei ynskjer å kjøpe og det blå vise arealbruken på bustadriggen.



Skisse som illustrerer bustadriggen.



Arealet er regulert til industriføremål og plasseringa er aust for Pro-Flex AS og vest for Furene AS. Møre barne og ungdomskule ligg på det raude området mot vest i kartutsnittet.

I takstrappport frå 2021 av Ose AS er tomteverdien i området anslått til mellom 200-300 kr./m².

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren meiner denne saka er av prinsipiell karakter då vi ikkje har områder med bustadriggar i kommunen frå før.

Herøy kommune har starta opp arbeid med å lage ein kommunedelplan for Myrvåg og vi har fått eit utkast tilsendt, men ikkje fått lagt den fram for politisk handsaming enno.

Det var likevel klare signal frå kommunestyret om at ein måtte leggje til rette for meir fleksible areal i Myrvåg for næring og privat og offentleg tenesteyting. Dette har ein gjort og arealet som det no vert søkt om reservasjon av er sett av til næring og privat og offentleg tenesteyting.

Dersom arealet vert godkjent i kommunedelplanen som næring og privat og offentleg tenesteyting vil bruken av arealet vere i tråd med planen og det kan søkjast om å setje opp bustadriggar.

Så lenge arealet er regulert til industri slik det er i dagens plan vil ein måtte søkje om dispensasjon frå plan med grunngjeven søknad og kommunen må ta opp denne til handsaming. Utfallet av ein dispensasjonssøknad er ikkje gitt.

Kommunedirektøren er positiv til at Bauta group AS får reservere eit areal som har vore ledig i lengre tid og det har vore lite interesse knytt til det.

Kommunedirektøren rår også til at Formannskapet gjev Bauta group AS fullmakt til å søkje om dispensasjon for å få avklart denne før ein går vidare og søker om løyve til oppføring av bustadriggen.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen konsekvensar.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen konsekvensar.

Miljøkonsekvensar: Ingen konsekvens.

Økonomiske konsekvensar: Kommunen sel areal i Dragsund og får ei inntekt på om lag 400.000-600-000.- gitt ein takst på mellom 200-300 kr./m².

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen konsekvens.

Konsekvensar for barn og unge: Usikkert. Kommunedirektøren er usikker på om etablering av bustadrigg nær eit skuleområde kan ha negative konsekvensar på barn og unge.

Trond Arne Rossi Aglen	Ole Magne Rotevatn
Kommunedirektør	Avdelingsleiar utvikling